

Godt oppmøte og triveleg stemning.

15.06.2016



Folk kosa seg i kveldsola denne vakre sommarkvelden.

Ramma kunne ikkje ha vore betre då Uskedal friluftslag inviterte til song- og musikkveld med noko attå. Nyslått og velstelt framstod Stemneplassen på beste måte, og veret denne kvelden var av ypperste merke, i lun sommarkveldsol. Gledeleg for arrangørane var det også at så mange fann vegen til Stemneplassen denne kvelden.



Interessant kåseri av Reidar Myklebust.

Musikklaget opna og avslutta kvelden med lett musikk, og i dei vakre omgjevnadene med både bjørk og grønt amfi, kom verkeleg tonane til dei trufaste musikkveteranane til sin rett. Det er noko spesielt når musikken vert spela slike plasser omkransa av vakker natur. Reidar Myklebust hadde eit svært interessant kåseri om Det rytmiske mennesket og helse. Han sveipa innom både hjarterytme, pulsslag og nerveimpulsar og ikkje minst kor viktig den positive innstillinga er for helsa. Han viste både til Audun Myskja og Per Fugelli i samanheng med det. Reidar er ein formidlar det er kjekt og lett å høyra på.

Innimellan innslaga var det tid til loddsal medan praten gjekk godt over kaffikoppene. Bjørgulg Eik organiserte hesteskokonkurranse. Han uttrykte at han var imponert over både talet og kvaliteten på deltakarane. Dei tre beste vart premiert, og det var Arnhild Myklebust, Lars Myklebust og Dag Hermansen med sistnemnde på topp etter at hesteskoen landa heilt i pinnen.

Allsong er stemningsskapande, og spesielt slike plasser. Både Uskedalsvalsen og Elegi til Uskedalselva, begge med tekst av Svein Rimestad, var mellom songane, og det heile var leia av eit band samansett av Kristian Bringedal, trekkspel, Svein Rimestad, gitar, og Kjell Borge Olsen på trommer.

Elles vart vinnarane i musikklaget sitt sykkel-lotteri gjort kjent på denne svært koselege kvelden i Skårhaug.



Dugande hesteskokastarar får velfortente premiar av Bjørgulv Eik(f.v.): Arnhild Myklebust, Dag Hermansen og Lars Myklebust.



Allsongbandet, Kristian Bringedal(f.v.), Kjell Borge Olsen og Svein Rimestad.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland